



Til kyrkjelege fellesråd i Stavanger
bispedømme som får tilskot til diakoni,
undervisning og kyrkjemusikk

Dato: 17.06.2021

Vår ref: 21/02409-1

Dykkar ref:

Tilskot til diakoni, undervisning og kirkemusikk i 2021

Stavanger bispedømmeråd gjev tilskot til diakon- og kateketstillingar, til kyrkjelege fellesråd i Stavanger bispedømme. Tilskotet kjem frå staten si tildeling til Den norske kyrkja, via Kyrkjerådet.

I dette brevet finst informasjon og rammer for tildelinga som gjeld alle som tek imot tilskot. Oversikt over kva kvart fellesråd har som ramme for tilskotet til kvar stilling ligg på nettsidene til Stavanger bispedømme, på [denne nettsida:](https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/stavanger/for-medarbeidere/tilskudd/)
(<https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/stavanger/for-medarbeidere/tilskudd/>)

Tilskotet har dei siste åra vore basert på ei indeksregulering av satsane frå tidlegare år. I 2021 vil satsane bli basert på garantiløna for kateket- og diakonstillingar med full ansiennitet (lønngruppe 5). Satsane for diakonimedarbeidar eller kyrkjelydspedagog blir basert på garantiløna i lønngruppa for desse stillingane (lønngruppe 4). Det gjev følgjande satsar:

- Kateket eller diakon som oppfyller kvalifikasjonskrava i tenesteordninga: 765 000 for 100 prosent stilling.
- Kyrkjelydspedagog eller diakonimedarbeidar: 625 000 for 100 prosent stilling.
- Ny diakonstilling frå 2019 eller 2020: 400 000 for 50 prosent stilling.

Satsane for nye diakonstillingar frå 2019 og 2020 følgjer rammene for denne tildelinga frå Kyrkjerådet. Desse vil ligga fast for åra som kjem, fram til tilskot for dei andre stillingane når same nivå.

Nivået på tilskotet framover er avhengig av at tildelinga frå Kyrkjerådet til dette føremålet blir vidareført slik ho har vore i lang tid.

Det er avtala kor stor del av kvar stilling bispedømmerådet skal dekkja. Nokre kateketstillingar har tilskot i 100 prosent. Elles ligg det fast at bispedømmerådet ikkje dekker meir enn halvparten av lønsutgiftene, inntil den prosenten som er avtala.

Stavanger bispedømmeråd utbetaler det samla tilskotet for 2021 til fellesråda så fort som mogleg etter fellesrådet har levert økonomirapport for 2020. Viss fellesrådet ikkje har brukt heile tilskotet for eit år til løn til bispedømmerådet sin del av stillinga, blir dei pengane fellesrådet då sit igjen med trekt frå utbetalinga for det inneverande året.

Rekneskapen skal rapporterast på fastlagt skjema. Skjema for rapportering ligg nederst på [nettsida for tilskot](#) (sjå ovafor). For dei fellesråda der ein mottek fleire typar tilskot skal det sendast inn ein rapport for kvar kategori (diakoni, kyrkjemusikk eller undervisning). Dette treng me for å ha oversikt i arkivet.

Bispedømmerådet bed om melding viss ein kyrkjelydspedagog eller diakoniarbeidar blir fullt kvalifisert. Dette utløyser høgre tilskot.

Rekneskap for den tildelte summen for 2021 skal innrapporterast til bispedømet så snart som mogleg i 2022, men seinast innan 15. mai 2022. I tillegg skal revisjonsberetninga til fellesrådet sendes bispedømmerådet så snart ho finst.

Tidleg rapportering medfører tidleg utbetaling.

Tilskot til kyrkjemusikalsk arbeid ved Stavanger domkirke blir vidareført med kr 140.000,-

Takk for samarbeidet om kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni i sokna i Stavanger bispedømme.

Med vennleg helsing

Jorunn Kraft Vistnes
stiftsdirektør

Geir Skårland
avdelingsleiar, kyrkjelydsutvikling

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Click here to enter text., Click here to enter text.

Click here to enter text.